



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 08.03.2018  
**Møtetid:** Kl. 14:00 - 16:00  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 8 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Sandvin, Oddrun Lemme	FF
Tvedterås, Bjørg	FF
Haga, Odd Arne	FRP
Strømmen, Øyvind	MDG
Tjønnå, Monica	SP
Aarvik, Hilde Maraas	UF

### Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Silje Fossdal, leiar løn og personal
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Grete Lill Hjartnes (sektorleiar helse og omsorg) - under orienteringssaka "oppfølging av diskusjon i administrasjonsutvalet 31.11.2017 om arbeidssituasjonen i einingane", samt under orienteringssak om sjukepleiarsituasjonen i kommunen.

<b>Møteleiar:</b>	Frøland, Knut Harald
<b>Møtesekretær:</b>	Boge, Jan Erik

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 12.03.2018

---

Frøland, Knut Harald  
ordførar

---

Boge, Jan Erik  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2018	18/213	Faste saker	

## SAKNR. 001/2018: Faste saker

### 08.03.2018 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller saklista.

#### Orienteringssaker:

##### Drøfting av prinsipp for bruk av oppdragstakarar, innleigd arbeidskraft og mellombelse tilsetingar

Jan Erik Boge viste innleiingsvis til notatet om denne saka som låg ved møteinnkallinga. Hilde Aarvik (Utdanningsforbundet) orienterte om at ho ønskte ei generell drøfting knytt til bruk av oppdragstakarar, innleigd arbeidskraft og mellombelse tilsetingar. Ho peika òg på at det er viktig at kommunen har ein strategi på dette området. Det må inn i kommunen sitt årshjul at drøftingar skal gjennomførast minst to gongar pr. år.

Oddrun L. Sandvin (Fagforbundet) orienterte om at fagforeiningane ønskjer faste stillingar i størst mogleg grad. Odd Arne Haga (Frp) spurde om kommunen sine avtalar med vikarbyrå seier noko om betalingsansvar dersom vikarbyrået går konkurs. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet.

##### Informasjon om organiseringa av reinhaldstenesta

Jan Erik Boge orienterte innleiingsvis om innhaldet i notatet om denne saka som låg ved møteinnkallinga. Etter dette vart ulike forhold ved reinhaldstenesta orientert om og drøfta. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om at rådmannen rapporterer til han om kva som blir gjort knytt til desse forholda.

##### Oppfølging av diskusjon i administrasjonsutvalet 30.11.2017 om arbeidssituasjonen i einingane

Sektorleiar Grete Lill Hjartnes orienterte om kva som er gjort i sektoren hennar for å undersøkje/følgja opp bekymringane som Oddrun L. Sandvin tok opp i administrasjonsutvalet 30.11.2017. Ho orienterte òg om ulike opplæringstiltak, prosjekt og prosjektstillingar i sektoren, samt om føremålet med den nyoppretta stillinga som fagsjukepleiar. Oddrun L. Sandvin (Fagforbundet) orienterte om at ho har fått tilbakemeldingar frå tilsette om at forholda ho tok opp i administrasjonsutvalet 30.11.2017 har blitt betre.

##### Sjukepleiarsituasjonen i kommunen

Rådmann Charlotte Hageberg og sektorleiar Grete Lill Hjartnes orienterte om at det er store utfordringar med rekruttering av sjukepleiarar (gjeld turnusstillingar). Det har nyleg vore lyst ut fire stillingar (ei fast 100% stilling og tre vikariat mellom 70% og 82%), og det var ingen kvalifiserte søkjarar til nokon av desse stillingane. Moglege tiltak - både på kortare og lengre sikt - vart drøfta i møtet.

##### Orientering om mogleg IKT-driftssamarbeid med IKT Nordhordland

Rådmann Charlotte Hageberg og rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om saka og bakgrunnen for den. Det skal i første omgang gjennomførast eit forprosjekt med kartlegging m.m. av diverse forhold. Det vil truleg koma opp sak til politisk behandling i siste møterunde før sommaren 2018 om mogleg IKT-driftssamarbeid med IKT Nordhordland.

##### Leiaropplæring

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om leiaropplæringa som blir gjennomført første halvår 2018. Opplæringa er i hovudsak lagt opp med dagskurs ca. ein dag pr. måned. Tema for kursa første halvår 2018 er oppfølging av sjukefråvær, hovudtariffavtalen, hovudavtalen, etikk og "den vanskelege

samtalen". På grunn av leiaropplæringa blir det ikkje ordinære leiarforum i kommunen i perioden februar - juli 2018. Leiaropplæringa vil halda fram etter sommaren. Det vart i møtet stilt spørsmål om SFO-leiar er med på leiaropplæringa. Rådmannen orienterte om at SFO-leiar ikkje har vore med til no.

#### Tilsetjing av ny leiar for løn og personal

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at Anette Følid er tilsett som ny leiar for løn og personal. Ho arbeider i dag i Bergen kommune, og startar i stillinga 03.04.2018.

#### Behov for revisjon av kommunen sine personalvedtekter

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at det er behov for å revidera kommunen sine personalvedtekter. Dei vart sist revidert i 2011. Tidsrom/frist for dette revisjonsarbeidet vil bli bestemt når sak om kommunen sin planstrategi kjem opp til politisk behandling før sommaren 2018.

#### Orientering om stillinga som sektorleiar oppvekst

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at den faste stillingsinnehavaren (Håvard Ragnhildstveit) har sagt opp stillinga. Stillinga er enno ikkje lyst ut og det er derfor heller ikkje bestemt kven som blir tilsett fast i stillinga.

#### Frikjøp for hovudverneombodet

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at ho meiner det bør vurderast om hovudverneombodet skal ha noko frikjøpt arbeidstid. Hovudverneombodet har ikkje frikjøp i dag. Saka må truleg opp politisk behandling dersom utgiftene til eventuelt frikjøp ikkje kan dekkast innanfor gjeldande budsjett.

#### **Utvalet sitt kvarter:**

#### Utleige av lokale/rom ved helsetunet til privatpraktiserande fysioterapeut Geir Næss

Oddrun L. Sandvin (Fagforbundet) bad om informasjon om saka. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at kommunen ønskjer å reforehandla husleigekontrakten med Geir Næss, og at den noverande kontrakten (som vart inngått i 2006) derfor er sagt opp. Ho orienterte vidare om at det ikkje er nokon som helst planar om at Næss skal ut av helsetunet, men at kommunen ønskjer å sjå på romfordeling m.m. ved helsetunet.

Samrøystes vedtak.

#### **ADM- 001/2018 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.